



Fylkesmannen i Hordaland

Jobbnorge-ID: 106714

Søknadsfrist: Closed

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Økonomirådgjevar (Controller)

Ønskjer du ei spanande og utfordrande stilling i Staten?

Ved administrasjons- og verjemålsavdelinga har vi ledig fast stilling som økonomirådgjevar (controller).

Aktuelle arbeidsoppgåver:

- Budsjettarbeid
- Rekneskap, lønn, fakturering, elektronisk bilagsregistrering samt div. kontrollar
- Oppgåver knytt til rekneskapssystemet Agresso og lønns- og personalsystemet SAP
- Økonomirapportering
- Utarbeide styringsinformasjon til leiinga
- Internkontroll
- Rettleiing innan fagområdet
- Diverse økonomirelaterte oppgåver knytt til verjemålsforvaltninga kan bli lagt til stillinga
- Andre økonomioppgåver kan vere aktuelle

Fagleg koordineringsansvar kan bli lagt til stillinga.

Kvalifikasjoner:

- Økonomisk utdanning på høgskule-/universitetsnivå
- Relevant røynsle frå økonomi- og rekneskapsarbeid.
- Kjennskap til relevant lov- og regelverk innan økonomiområdet

Den vi søker må i tillegg vere etterretteleg og nøyaktig, fleksibel, ha gode samarbeidsevner og vere villig til "å stå på" når det er behov for det. Vi legg særskilt vekt på god IKT-kompetanse og kjennskap til aktuell programvare.

Tenestemålet hos Fylkesmannen i Hordaland er nynorsk.

Vi tilbyr:

- utfordrande arbeidsoppgåver
- godt og tverrfagleg arbeidsmiljø
- medlemskap i Statens pensjonskasse - med høve til bustadlån
- sentralt plassert kontorstad
- bedriftsidrettslag

Som tilsett hos Fylkesmannen vert du del av eit godt arbeidsmiljø, både sosialt og fagleg. Fylkesmannen legg vekt på at alle skal ha høve til fagleg og personleg utvikling.

Tilsetjingsvilkår:

Stillinga vert lønna som 1434 Rådgjevar ltr. 52-62 avhengig av kvalifikasjonar. Frå løna vert det trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Det kan bli aktuelt å vurdere st.kode 1364 seniorrådgjevar og høgare løn for særleg godt kvalifiserte søkerar.

Fylkesmannen følgjer avtale om fleksibel arbeidstid i staten og andre statlege tilsetjingsvilkår. Tenestemålet er nynorsk.

Fylkesmannen ønskjer mangfald. Vi oppmodar difor alle kvalifiserte til å søkje stillingane, utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevne, nasjonalitet eller etnisk bakgrunn. Embetet er ei IA- verksemd og vi legg til rette for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne.

Berre i særlege tilfelle gjer vi unntak frå å offentleggjera søkjarnamna.

Du søker stillinga ved å nytte elektronisk søknadsskjema på JobbNorge.no. Alle som søker må sende med vitnemål og attestar.

Nærare opplysingar om stillinga kan ein få hjå seksjonsleiar Reidun Kjelstrup tlf. 55 57 20 43 eller epost: fmhorkj@fylkesmannen.no eller avdelingsdirektør Kari Tepstad Utvær, tlf. 55 57 20 47 / 99 63 32 22 eller epost: fmhoktu@fylkesmannen.no.

Søknadsfrist : 13. november 2014.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: